



Kommunal- og distriktsdepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

Vår dato:

30.08.2022

Vår ref:

2019/13806

Dykkar dato:

Dykkar ref:

Saksbehandlar, innvalstelefon
Dag Endre Stedje, 5764 3150

Oversending av motseigner frå Statsforvaltaren og NVE til avgjerd - framlegg til detaljreguleringsplan for golfbane og masseuttak på Sløgrandane ved Ljøsne i Lærdal kommune

Vi viser til brev frå Lærdal kommune datert 17.08.2022, og sender med dette motsegnene mot detaljreguleringsplan for golfbane og masseuttak på Sløgrandane til avgjerd i Kommunal- og distriktsdepartementet.

NVE og Statsforvaltaren i Vestland har motsegn til reguleringsplanen.

Kort om kva saka gjeld

Saka gjeld reguleringsplan for golfbane og utviding av masseuttak på Sløgrandane ved Ljøsne i Lærdal kommune. Det er snakk om ei ny 9-hols golfbane med høg standard. Initiativtakarane bak golfbana er Lærdal golfklubb. Når det gjeld den delen av reguleringsplanen som omfattar masseuttaket, er det regulert for ei utviding av uttaksområdet i eit etablert masseuttak.

NVE har motsegn mot planframlegget fordi planen ikkje i tilstrekkeleg grad tek omsyn til flaumfarene i planområdet, og at den ikkje sikrar at tiltaka planen opnar for ikkje fører til uakseptable konsekvensar for flaum- og erosjonsfare på tilstøytande areal.

Statsforvaltaren i Vestland har motsegn mot golfbana fordi vi meiner det ikkje er plass til å byggje ei 9-hols golfbane i planområdet utan at naturmangfold av nasjonal verdi går tapt. Planframlegget med kart og føresegner viser at ein svært verdifull flaummarkskog vil gå tapt dersom golfbana blir bygd på Sløgrandane. Flaummarkskogen er ein av dei største attverande restane i Vestland fylke av denne truga naturtypen. Området er svært artsrikt, med fleire sjeldne og hittil ukjente insektartar i Noreg.

Statsforvaltaren har ikkje motsegn til den delen av reguleringsplanen som gjeld utvidinga av masseuttaket, og kommunen har såleis vedteke og eigengodkjent denne delen av planen.



Illustrasjonsplan for golfbane på Sløgrandane. Golfbana sine delområde 1, 5, 6 og 9, og delar av 4, 2 og 7, ligg i flaummarkskogen.

Vi viser til nærmere gjennomgang nedanfor.



Oversending av dokumenta i saka

Lærdal kommune sende saka til Statsforvaltaren i Vestland 17.08.2022, med kommunen sitt vedtak, saksutgreiing og fråsegnene som er komne inn til reguleringsplanen.

Statsforvaltaren har lagt ved dei relevante dokumenta i vår oversending til departementet. Vi måtte bruke framgangsmåten «sammenstilling av dokumenter» for å få inn alle dokumenta som vedlegg i saka, og nokre av dokumenta kjem derfor dobbelt opp. Vi vonar likevel at oversendinga av dokumenta vert oversiktleg, og at dei saman med dette brevet skal gje ei god oversikt og innføring i saka.

Statsforvaltaren fekk også inn eit brev med merknader til planframlegget som vart journalført her 30.08.2022. Dette brevet er lagt ved saka som eit eige vedlegg.

Dersom det er noko som manglar, er det berre å gje beskjed slik at vi kan ettersende dette.

Motsegnene mot planframlegget

Innleiingsvis vil vi understreke at Statsforvaltaren allereie i samband med oppstarten av planarbeidet gjorde kommunen merksam på at det kunne vere store naturfaglege verdiar i planområdet. I det følgjande gir vi ei oppsummering av korleis Statsforvaltaren har medverka og informert kommunen om at planane om ny golfbane ville komme i konflikt med naturmangfaldinteresser av nasjonal verdi.

Oppstartmelding for golfbane på Sløgrandane kom 06.01.2020. Statsforvaltaren gjorde då kommunen merksam på naturverdiane, og peikte i brev av 04.02.2020 på behovet for biologisk kartlegging av området. Planprogram for detaljreguleringsplan blei sendt på høyring 29.06.2020, og Statsforvaltaren viste i sin uttale 31.08.2020 endå ein gong til behovet for kartlegging av naturverdiane i området. I tillegg sendte Statsforvaltaren 08.02.2021 ei tilleggsfråsegn basert på nyleg framlagde data etter insektkartlegging i flaummarkskogen på Sløgrandane, der vi varsla at naturverdiane i området er av nasjonal verdi, og vi rådde frå å gå vidare med utgreiings- og reguleringsplanarbeidet for golfbana.

Det blei etter dette gjennomført møte og synfaring i området 05.05.2021, og ut frå det som kom fram der varsla Statsforvaltaren i brev 12.05.2021 at det ville vere aktuelt å fremje motsegn mot planframlegget. I vårt brev 12.05.2021 skrev vi m.a. følgjande i vår tilbakemelding etter synfaring og møte i Lærdal: *"Det er gjort nokre endringar og tilpassingar av illustrasjonsplanen for golfbana av omsyn til naturverdiane, men den planlagde golfbana er kompakt og planområdet er avgrensa. Det er såleis lite handlingsrom for å gjøre tilpassingar av golfanlegget innanfor planområdet. Det er slik vi ser det derfor ikkje mogleg å få plass til ei 9-hols golfbane utan at naturtypane og naturmangfaldverdiane som finst innanfor planområdet vert kraftig reduserte eller øydelagde."*

Etter presentasjonen av golfbaneprosjektet og synfaringa på Ljøsne 5. mai, kan ikkje Statsforvaltaren sjå at det er gjort justeringar i planane eller at det er komme fram nye opplysningar som tilseier at vi kan endre på den tidlegare vurderinga og tilrådinga vår. Vi held såleis fast ved at golfbana ved Sløgrandane kjem i klar konflikt med nasjonale og viktige regionale interesser knytt til naturmangfald, og finn det rett og naudsynt å rå i frå å gå vidare med planarbeidet for ny golfbane plassert ved Sløgrandane".

I konklusjonen i brevet skriv vi følgjande: ***"Det er påvist naturmangfald av nasjonal verdi i planområdet, og ut frå det vi er kjende med no vil det ikkje vere mogleg å planlegge ei 9-hols golfbane utan svært store negative konsekvensar for desse verdiane. Statsforvaltaren finn det***



såleis rett å alt no seie frå om at vi vil måtte vurdere å fremje motsegn mot planframlegget ved offentleg ettersyn".

Kommunen valde likevel å gå vidare med saka, og sendte 24.03.2022 reguleringsplanen for golfbana på offentleg ettersyn og høyring. Dette var meir enn to år etter at vi hadde gjort kommunen og tiltakshavaren merksam på naturverdiane i området, over eitt år etter at vi rådde frå å gå vidare med arbeidet på grunn av nasjonale naturverdiar, og nesten eitt år etter at vi hadde varsla at det ville vere aktuelt å bruke motsegn.

Breva vi viser til over er del av dokumenta som ligg ved i oversendinga av saka til departementet.

Motsegnene frå NVE

NVE har motsegn mot planframlegget fordi plankartet ikkje er fullstendig når det gjeld flaumsoner, og fordi planframlegget ikkje i tilstrekkeleg grad tek omsyn til flaumfaren i planområdet. I fråseggna frå NVE står m.a. følgjande: "Nokre av dei flaumutsette areala sørvest for Nivla er ikkje avmerkt som omsynssone H320 i plankartet. Vi er usikre på kva som er grunnen til dette. På det aktuelle området finn vi mellom anna eit arealføremål BOP (Anna privat tenesteyting). I følgje føreseggnene skal dette nyttast til klubbus, dvs. lokale for opphold, toalett, kontor og liknande. Manglande omsynssone kan føre til at tiltaka innanfor BOP blir gjennomført utan tilstrekkeleg tryggleik mot flaumfare. Før de slutthandsamar reguleringsplanen må de markere alt areal som er flaumutsett med omsynssone H320 Flaumfare, og knyte føresegner til omsynssona som sikrar tilstrekkeleg tryggleik mot flaum før utbygging kan finne stad. **NVE har motsegn til detaljreguleringsplan for golfbane og utvida masseuttak på dette punktet.** Grunnlaget for motsegna er at planen ikkje sikrar at ny utbygging oppnår tilstrekkeleg tryggleik mot flaum, jf. TEK17 § 7-2. For at grunnlaget for motsegna skal falle bort må de markere alt flaumutsett areal med omsynssone H320 og knyte til føresegner som sikrar tilstrekkeleg tryggleik før utbygging kan finne stad".

NVE har også motsegn mot følgjande:

"Tiltak mot flaumfare vil sannsynleg vere å heve terrenget i flaumsona kan føre til at flaumvatn blir pressa over mot tilstøytande areal. Dette kan føre til auka flaum- og erosjonsfare på dei tilstøytande areala. I verste fall uakseptable konsekvensar. NVE meiner at de i føreseggnene må knyte til eit generelt forbod mot terregendringar i omsynssona. I dei tilfella planen legg opp til slike terregendringar, t.d. i BOP, nye bruer og BGB, så må de greie ut om dette fører til slike uakseptable konsekvensar. **NVE har motsegn til detaljreguleringsplan for golfbane og utvida masseuttak på dette punktet. Grunnlaget for motsegna er at planen ikkje i tilstrekkeleg grad sikrar at utbygging i medhald av den ikkje fører til uakseptabel endra flaum- og erosjonsfare for tilstøytande areal. Vi viser her til TEK17 § 7-1, 2. ledd. For at grunnlaget for motsegna skal falle bort, må de dokumentere at dei terregendringane planen opnar for ikkje fører til slike uakseptable konsekvensar".**

I kommunen sitt vedtak av reguleringsplanen står det at: "Motsegner frå NVE vert tekne til følgje og vedtak om å sende reguleringsplan til departementet vert gjort med føresetnad av at NVE trekk deira motsegner før handsaming av departementet".

Statsforvaltaren legg til grunn at motsegnene frå NVE vert løyste gjennom dialog mellom kommunen og NVE, men slik saka står no er ikkje løysinga på plass; og NVE har såleis ikkje fråfalle motsegna. Vi tek såleis med motsegnene frå NVE i denne oversendinga.

Motsegna frå Statsforvaltaren

Motsegna er fremja med bakgrunn i at planframlegget kjem i direkte konflikt med den raudlista naturtypen flaummarkskog på Sløgrandane. Statsforvaltaren har lagt vekt på å få fram fakta om




statusen til denne naturtypen, som er truga både nasjonalt og i Vestland fylke. Oppsummert er motsegna grunngjeve slik: *"Planframleggget med kart og føresegner viser eintydig at ein svært verdifull flaummarkskog vil gå tapt dersom golfbana blir bygd i Sløgrandane. Dette er ikkje berre eit svært artsrikt område med fleire sjeldne og hittil ukjente insektartar i Noreg, men også ein av dei største attverande restane i Vestland av den truga naturtypen flaummarkskog. Dei skisserte framlegga til omsynssoner og avbøtande tiltak er underdimensjonerte og langt frå tilstrekkelege til å kunne ta vare på arts- og naturmangfaldet i området. Etter vår vurdering er det ikkje plass til å bygge ei 9-hols golfbane i planområdet utan at naturmangfold av nasjonal verdi går tapt. Med bakgrunn i dette fremjar Statsforvaltaren motsegn mot planframleggget". For meir informasjon, vurdering av konsekvensutgreiinga knytt til planframleggget og utfyllande grunngjeving av motsegna mot golfbana viser vi til fråsegnå vår datert 21.06.2022.*

Eit tema vi ikkje var inne på i vår fråsegn 21.06.2022 ved offentleg ettersyn av planen, er klimakrisa og naturkrisa vi no er inne i. Mangfaldet av naturtypar og artar vert redusert raskare enn nokon gong før. Årsaka til tilbakegangen er i stor grad menneskeskapte arealendringar, med nedbygging av natur som den aller største trusselen mot naturmangfaldet. For å bremse tapet av naturmangfald, og for å ivareta Noreg sine forpliktingar på dette området, må vi ta vare på svært artsrike naturområde av nasjonal verdi, slik som flaummarkskogen ved Sløgrandane.

Eit anna tema som ikkje er særleg omtala og vurdert i saka eller i vårt motsegnsbrev datert 21.06.2021 er reguleringsplanen og etablering av golfbane sett opp mot vassressurslova § 11 om kantvegetasjon. Statsforvaltaren hadde fokus på flaummarkskogen og artsrikdomen av nasjonal verdi i vår fråsegn med motsegn, men ivaretaking av kantvegetasjonen i medhald av vassressurslova § 11 er eit viktig tilleggsargument mot golfbaneplanane. Etter vassressurslova § 11 må mest truleg mesteparten av flaummarkskogen på Sløgrandane defineraast som kantvegetasjon. Vi viser til omtale av dette og om vassressurslova nedanfor.

Plansituasjonen - overordna planar

Gjeldande arealplan for området er kommunedelplan for E-16 Tønjum Ljøsne (2011) med føremål LNF-område og råstoffutvinning. Kommunen starta opp arbeidet med revisjon av arealdelen til kommuneplanen i 2018, og no i sommar er arealdelen for Lærdal kommune lagt ut til offentleg ettersyn. Planane for ny golfbane og utviding av masseuttak er lagt inn i framleggget til ny kommuneplan i samsvar med reguleringsplanen for området (som no vert sendt til departementet for endeleg avgjerd). Samfunnssdelen til kommuneplanen vart vedteken i 2018. Det er gitt konsesjon for utvinning av grusmassar i eksisterande masseuttak i området.



Utsnitt frå gjeldande kommunedelplan for området.



Saksframstilling – sakshandsaminga til kommunen

For framstilling av prosessen med reguleringsplanen og innhaldet i denne viser vi til brev av 17.08.2022 med kommunen sitt vedtak om oversending av motsegna til avgjerd i departementet og sakspapir og saksutgreiinga knytt til vedtaket.

Lærdal kommune ved kommunestyret gjorde følgjande samrøystes vedtak i saka 11.08.2022:

"11.08.2022 Kommunestyret

Handsaming i møtet:

Tilrådinga frå Formannskapet vart samrøystes vedteke.

KS - 034/22 Vedtak

Kommunestyret vedtek Reguleringsplan for Sløgrandane med golfbane og utvida masseuttak, jf. Plan- og bygningslova § 12-12. Med heimel i Plan- og bygningslova § 12-13 vert motsegnene frå Statsforvaltaren ikkje teke til følgje. Reguleringsplanen vert med dette gjeve rettsverknad for den delen av planen (plankart og føresegner) som omhandlar arealføremålet masseuttak, men ikkje for den delen av planen (plankart og føresegner) som omfattar føremålet golfbane, som er omfatta av motseigner frå Statsforvaltaren i Vestland.

Vedtaket av den delen av planen som omhandlar arealføremålet masseuttak, vert gjort med følgande vilkår:

- Det skal utarbeidast støyvurdering og trafikkanalyse knytt til utvida masseuttak, og at det skal vurderast og gjennomførast avbøtande tiltak for nærmiljøet i samråd med kommunen innan det nye utvida masseuttaksområde vert teken i bruk. Analysane og avbøtande tiltak (med tidsfristar for gjennomføring) skal godkjennast skriftleg av kommunen før tiltakshavar kan starte uttak på arealet regulert til utvida masseuttaksområde.
- I nytt utvida uttaksområde kan det ikkje takast ut massar under omkringliggjande terrengnivå, for å unngå å etablere nytt flaumareal.

Den delen av planen som vert omfatta av motseign frå Statsforvaltaren (føremålet golfbane) vert sendt til departementet for endeleg avgjerd. Grunngjeving for å ikkje ta motseigna til følgje kjem fram av vurderinga.

Motseigner frå NVE vert tekne til følgje og vedtak om å sende reguleringsplan til departementet vert gjort med føresetnad av at NVE trekk deira motseigner før handsaming av departementet. Grunngjeving for å ta motsegnene til følgje, kjem fram av vurdering av saka. Kommunestyret ser ikkje at det er grunnlag for å gjennomføre mekling i denne saka”.

Statsforvaltaren sine merknader til kommunen si saksutgreiing

I saksutgreiinga om golfbane på Sløgrandane står det at "store deler av kommunen [er] lagt under strenge restriksjonar pga. villreinområde, UKL-område, store verna bygningsmiljø, natur- og landskapsvern, osv. I tillegg kjem svært stor grad av naturfare i kommunen. Alle desse verfulle områdene har i stor grad bandlagd store delar av kommunen i ulik form for verneområder og omsynssoner med strenge føresegner". Vi vil for å unngå mistydingar presisere at dei fire områda i kommunen som er verna etter naturmangfaldlova utgjer 3,2 % av kommunen sitt landareal, men at ikkje noko av dette ligg i det flate låglandet der anlegg av golfbane er mogleg. Det same gjeld villreinområda. Det verna bygningsmiljøet i Lærdal er på 68 dekar.



Det meste av Lærdalsdalføret har derimot status som utvald kulturlandskap (UKL), ei ordning som gjennom tilskot skal "sikre langsiglig forvaltning av utvalgte landskapsområder med store biologiske og kulturhistoriske verdier, som er formet av langvarig og kontinuerlig tradisjonell bruk". Det er også mange biologisk verdifulle naturtypelokalitetar i Lærdal, men dei som ligg på flate areal i dalbotnen utgjer berre 465 dekar (kartlagt etter DN-handbok 13), eller om lag 2 % av det aktuelle arealet. Av desse lokalitetane er det berre område med verdi A, og i nokre tilfelle B, som kan utløyse bruk av motsegn.

Kommunen skriv vidare dette i saksutgreiinga: "*Når det gjeld arealet i Sløgrandane, er området eit attgroingsområde som ikkje har noko form for vern pga. naturmangfald per i dag. Området har fått registrert viktige naturtypar og prioriterte artar etter ny undersøking av Statsforvaltaren, etter golfklubben var komme godt i gang med sitt planleggingsarbeid. Det er slik at i dei fleste attgroingsområde vil ein stort sett finne naturmangfald av stor verdi. I dette området har grunneigar kunne teke ut skog når som helst, og det er etablert større kraftlinje over området, der det er rydda all skog i linjebeltet. Dei fleste registreringane av prioriterte artar som ligg i fylkesatlas/naturbase ligg i kantvegetasjonsbelte langs Nivla, som er vegetasjonsbelte som skal ivaretakast. Administrasjonen meiner at planarbeidet legg opp til ei god utvikling av området, der ivaretaking av mest mogleg natur har fått mykje og viktig fokus*". Her vil vi gjerne kome med nokre presiseringar:

Det finst parti i Sløgrandane med eldre naturbitemark som er under attgroing, men dette attgroingsarealet utgjer berre snaue 12 dekar. Flaummarkskogen på Sløgrandane er derimot ikkje noko «attgroingsområde», for den har same utforming som i dag på snart 50 år gamle flyfoto, og er truleg langt eldre.

Det er rett at flaummarkskogen, som alle andre område i naturtilstand i den flate dalbotnen i Lærdal, ikkje har noko form for vern (sjå likevel omtale av vassressurslova § 11 og kantvegetasjon nedanfor). I samband med planarbeidet leigde kommunen inn konsulentfirmaet Miljøfaglig Utredning AS for å lage ei konsekvensutgreiing for naturmangfald i Sløgrandane, og leverte denne i desember 2020. Rapporten hadde eit sterkt fokus på tørrbakkesamfunn i utkanten av planområdet, mens undersøkinga av flaummarkskogen var meir overflatisk, og hadde fleire manglar (sjå detaljar i Statsforvaltaren si fråsegn av 21.6.2022). I samband med ei synfaring med kommunen og tiltakshavar i mai 2021 såg derfor Statsforvaltaren nærmere på flaummarkskogen, og målte m.a. inn flaumløpa i skogbotnen med GPS for å få ei meir nøyaktig avgrensing av naturtypelokaliteten. Vi vil elles peike på at Statsforvaltaren allereie i februar 2020 gjorde golfklubben og kommunen merksame på dei store naturverdiane som finst i flaummarkskogar generelt. Då vi eitt år seinare fekk informasjon frå insektundersøkingane som tyda på at Sløgrandane var eit «hotspot» av nasjonal verdi for biologisk mangfald, blei dette også formidla vidare.

Det er ikkje rett, slik kommunen skriv det i saksutgreiinga, at ein i dei fleste attgroingsområde vil finne naturmangfald av stor verdi. Attgroingsområde er pr. definisjon natur i eit tidleg suksesjonsstadium, med eit artsutval dominert av vidt utbreidde pionérartar og generalistar. Når det gjeld skog, er det største naturmangfaldet alltid å finne i gammal skog. Flaummarkskog er rett nok litt spesiell ettersom det dominerande treslaget (gråor) ikkje blir spesielt gammalt, men til gjengjeld er det i denne skogtypen stor slitasje på grunn av stadige flaumepisodar som gjer at det er mange daude tre. Dette gir gode levekår for eit svært stort artsutval. Flaummarkskogen i Sløgrandane er ein sjeldan rest av ein truga og svært artsrik naturtype, og ikkje noko «attgroingsområde» som ein kan finne kvar som helst. Når det gjeld kraftlinja i området, går den gjennom berre 53 meter av flaummarkskogen.

Det er også svært viktig å rydde opp i mistydinga som kjem fram i formuleringa om at «*dei fleste registreringane av prioriterte artar som ligg i Naturbase ligg i kantvegetasjonsbelte langs Nivla, som er*



vegetasjonsbelte som skal ivaretakast». Det rette her er at den svært lange artslista frå Sløgrandane, med nokre få unntak, skriv seg frå éi enkelt lysfelle som gjennom fleire sesongar har stått på meir eller mindre den same staden nær breidda mot Nivla. Dette betyr ikkje at dei registrerte artane er knytte til kantskogen mot elva. Ei lysfelle trekkjer til seg insekt frå eit vidt omland, gjerne fleire hundre meter unna. Insekta som er registrerte i området vil derfor vere knytte til *heile naturtypen*, ikkje berre til elvekanten. Utanfor lysfelleposisjonen i flaummarkskogen ligg det stort sett dyrka mark, som ikkje har noko artsmangfald å by på. Dette betyr at det aller meste av artsmangfaldet er knytt til flaummarkskogen. Dersom skogen blir rydda, vil det store artsutvalet, med mange sjeldne insektartar, forsvinne med den.

Plankartet til detaljreguleringsplanen viser at flaumskogsarealet i Sløgrandane vil bli redusert med 68 % dersom golfbana vert bygd. Det resterande arealet vil bestå av stripa med skog, i hovudsak langs Nivla og Lærdalselvi, i varierande breidde mellom null og førti meter, utan flaumløp og dei økologiske funksjonane som er knytte til flaummarkskog. I stripene med restskog er det i tillegg opna for å lage stiar, opphaldsareal og «andre nærmiljøtiltak». Dei rike førekommstane av karplantar, mosar, lav og sopp i flaummarkskogen vil i praksis bli så reduserte gjennom arealreduksjon, fragmentering og endra miljøfaktorar (fukt, lys, varme o.a.), at grunnlaget for dei unike insektførekommstane i Sløgrandane går tapt.

Når det gjeld verknadane på den truga og raudlista naturtypen flaummarkskog i Lærdal, står m.a. dette i saksutgreiinga: *«Administrasjonen er og nøgd med at planarbeidet ikkje legg opp til å råke flaum- og våtmarksområde nord for masseuttaket, langs Lærdalselvi. Dette er eit attgroingsområde som har fått lite merksemd, men som har nokon av dei same kvalitetane og verdiane som arealet på Sløgrandane. Det er og eit tilsvarande areal på andre sida av Lærdalselvi (mellan elva og Saltkjelen), som og er eit slikt attgroingsareal og overflaumingsreal med store naturverdiar. Dette arealet vert heller ikkje råka av utbygging pga. flaumfare, og vil bli ivareteke for framtida».*

Etter Statsforvaltaren si vurdering har det nemnte «flaum- og våtmarksområdet» nord for masseuttaket ikkje nokon av dei same kvalitetane og verdiane som arealet på Sløgrandane. Flyfoto viser at det ikkje står skog langs elva i dette området. I overkant av det snaue området mot elva går ein sti, og i bakkant av denne stien veks det skog. Denne skogen står i ei bratt, 30 meter høg skråning, og dette er såleis ikkje flaummarkskog. Delar av skogen mellom bustadområdet Saltkjelen og Lærdalselvi er derimot flaummarkskog, men dekkjer eit langt mindre areal enn Sløgrandane.

Det blir stadig mindre igjen av flaummarkskogane langs Lærdalselvi, og Sløgrandane har den klart største resten av naturtypen. Med sine 83 dekar, flaumpåverknad frå to elver, og eit nettverk av flaumløp er den også den einaste i Lærdal som framleis er stor nok til å oppretthalde eit rikt artsmangfald. I Miljødirektoratet sin Naturbase ligg det 50 lokalitetar frå Vestland fylke som har flaummarkskog i heile eller delar av det registrerte arealet. Storleiken på flaummarkskogane varierer frå 1 til 250 dekar, med eit gjennomsnitt på 38,2 dekar. *Sløgrandane er nummer seks på lista rangert etter storlek, og er biologisk sett den klart mest verdifulle ut frå tilgjengeleg kunnskap i dag.*

Vassressurslova

Vassressurslova § 11 seier at det skal oppretthaldast eit avgrensa naturleg vegetasjonsbelte langs alle vassdrag med årssikker vassføring. Statsforvaltaren har ansvar for å følgje opp § 11 i vassressurslova, og kan i særlege tilfelle gje dispensasjon frå føresegna med vilkår. Føresegna i § 11 seier ikkje noko konkret om kor brei kantvegetasjonen skal vere, men set krav til å oppretthalde kantvegetasjon som skal motverke avrenning, sikre mot flaum og vere levestad for dyr og planter. Breidda vil difor variere med dei naturlege tilhøva på staden. Vassressurslova vernar dei økologiske funksjonane til vegetasjonen (jf. [NVE rettleiar nr. 2/2019](#)), og det skal vere vesentlege



samfunnskritiske grunnar for å ikkje oppretthalde eit vegetasjonsbelte som oppfyller føremålet med føresegna.


I Ot.prp. nr. 39 (1998-99) går det fram av kommentarane til § 11 at «[B]eltet vil normalt omfatte vegetasjon på bredden som kan være under høyeste vanlige flomvannstand slik dette er definert i § 2 første ledd, og en begrenset sone ut over dette». Det går vidare fram av kommentarane til § 2 at «[I] forhold til vassdragets nærområder og nedbørfeltet for øvrig strekker vassdraget seg til høyeste vanlige flomvannstand, som etter § 3 bokstav d er definert til nivået for tiårsflommen. Dette området regnes etter loven som vassdrag også når det ikke er dekket av vann»

Vi har ikkje tilgang på flaumsonekart som viser grensene for 10-årsflaum ved Sløgrandane. Vi ser det likevel som sannsynleg at høgaste vanlege flaumvasstand i dette området omfattar flaummarkskogen. I så fall vil flaummarkskogen vere ein del av kantvegetasjon som har vern etter § 11 i vassressurslova. Flaummarkskogen innanfor planområdet er levestad for ein stor mengde kartlagde insekt som er knytte til fuktskog. Det er også kartlagd flaumbekkar her, og flaumsona i planområdet definerast som ein del av vassdraget. Viss ein fjernar flaummarkskogen bryt ein då med føresegna som seier at vegetasjonsbeltet skal sikre mot flaum og gje levestad for dyr og plantar, og øydelegg dermed dei økologiske funksjonane.

Kommunen står ikkje fritt når dei skal bestemme breidda til kantvegetasjon. Breidda må fastsetjast etter kriteria i første ledd av § 11. Ein reguleringsplan som har sett det generelle byggjeforbodet i 100-meterssona til side, gjev ikkje rett til å fjerne kantvegetasjonen i det regulerte området. Det er berre Statsforvaltaren som kan frita frå plikta til å oppretthalde kantvegetasjon. Viss kommunen har fastsett breidda på kantvegetasjonen i plan, kan ikkje kommunen gje dispensasjon etter plan- og bygningslova til å fjerne vegetasjonen, før Statsforvaltaren eventuelt har gjeve fritak etter vassressurslova § 11. Om Statsforvaltaren hadde fått søknad om dispensasjon frå § 11 her, ville søkeren måtte fått avslag grunna dei store naturverdiane innanfor planområdet, og fordi hogsten ville øydelagt den økologiske funksjonen og flaumvernet.

Vi viser også til [T-2/01 Om arealplanlegging og golfbaner](#) der det går fram at ein skal unngå eller skjerme enkeltområde som inneholder store naturmiljøverdianer, og der det er presistert at vassressurslova § 11 gjev forbod mot å fjerne kantvegetasjon langs eitkvart vassdrag. Det er også framheva at det i samband med ein eventuell plan må vurderast reguleringsføresegner som sikrar at kantvegetasjon skal vernast mot uønskte inngrep.

I planframlegget er det sett av avgrensa kantvegetasjonsbelte langs Nivla og Lærdalselvi, men i dette området er det langt frå tilstrekkeleg i og med at heile flaummarkskogen på Sløgrandane truleg må definerast som ein del av kantvegetasjonen som har vern etter vassressurslova § 11 (jf. ovanfor).



Flaumløp er viste med blå strek.



Døme på flaumløp det renn vatn i under vår- og haustflaum.

Mekling

Statsforvaltaren har ikke gjennomført mekling. Lærdal kommune skriv m.a. følgjande om dialogmøte og mekling i si saksutgreiing knytt til oversendinga av saka: *"Ein kan legge saka fram utan mekling, dersom det f.eks. kjem fram i dialog med Statsforvaltaren at kompromissløysingar er utfordrande å få til. I denne saka har kommunen hatt dialog med Statsforvaltaren tidleg, og hatt møter og synfaringar, og justeringar av planframlegg for å prøve å komme til semje. Det er likevel fremma motsegn, og i dialog med Statsforvaltaren, har ein komme fram til at det er vanskeleg å finne ytterlegare gode kompromissløysingar i saka som ein kan semjast om. Det er difor teke avgjerd saman med Statsforvaltaren at dialogmøte ikkje vert gjennomført. Det vert vurdert at partane står for langt frå kvarandre til å koma til semje i saka, så det vert i dialog med Statsforvaltaren konkludert med at mekling heller ikkje er naudsint i denne saka".*

Statsforvaltaren er samde i den delen av framstillinga som forklarer kvifor det ikkje er gjennomført mekling i saka. Når det gjeld det som står skrive om at "det er likevel fremma motsegn," vil vi understreke at Statsforvaltaren allereie i samband med oppstarten av planarbeidet varsla at det var aktuelt med motsegn, og at justeringane av planframlegg ikkje ville kunne ivareta dei store naturverdiane. Vi viser til våre merknader ovanfor om korleis Statsforvaltaren har medverka i planprosessen.

I og med at det ikkje er gjennomført dialogmøte og mekling i saka er ikkje motsegnene frå NVE løyste. Statsforvaltaren vil understreke at vi ikkje finn grunnlag for å avskjere desse motsegnene. Som nemnt ovanfor (under «Motsegnene frå NVE»), ligg det an til at det vert semje mellom kommunen og NVE. Vi vil presisere at Statsforvaltaren vil orientere departementet så snart det er vorte semje mellom NVE og kommunen, og når NVE har fråfalle motsegnene.

Då både kommunen og Statsforvaltaren ikkje kan sjå at ei mekling kan føre fram til ei løysing i saka, sender vi no saka til departementet for endeleg avgjerd.

Uttale frå fylkeskommunen

Vestland fylkeskommune hadde ikkje vesentlege merknader til planen ved offentleg ettersyn. Her er fylkeskommunen sine merknader i brev datert 05.05.2022:

"Vi viser til brev oversending mottatt her om høyring av forslag til detaljregulering for golfbane og utvida masseuttak på Sløgrandane. Føremålet med planarbeidet er todelt:



- *Tilrettelegging for opparbeiding av ei regional 9-hols golfbane for Lærdal Golfklubb.*
- *Tiltakshavar for dette tiltaket er Lærdal Golfbane as*
- *Tilrettelegging for utvida masseuttak frå eigedomen gnr 6 bnr 4, Mo tiltakshavar for dette tiltaket er Voll Lunde Maskin as*

Det er utført KU etter forskrifter som ligg til grunn for planarbeidet.

Vestland fylkeskommune vurderer reguleringsplanen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar, i tillegg til vår fråsegn til oppstartmeldinga i brev av 03.02.2020 og fråsegn til planarbeidet datert 21.08.2020. For kommunane i Sogn og Fjordane gjeld dei vedtekne regionale planane fram til desse vert avløyst av nye planar i Vestland.

*For utfyllande planfaglege råd viser vi til internettssidene våre:
www.vestlandfylke.no/planlegging/kommunal-planrettleiing.*

Vurdering

Veg og infrastruktur

INV har ingen merknader til planframlegget. Vi ser at det i planarbeidet er teke omsyn til våre tidlegare innspel vedrørande utforming av avkjørsle og parkering. Handbok til Statens vegvesen vil bli nytta i prosessen.

Ut over dette har ikkje fylkeskommunen ytterlegare merknader til planarbeidet. Vi ønskjer lukke til vidare med planprosessen".

Vurdering av planframlegget opp mot naturmangfaldlova §§ 8-12

Statsforvaltaren har gått gjennom kommunen si vurdering av dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12, og har i det følgjande kommentert og supplert vurderingane.

§ 8, kunnskapsgrunnlaget: Vi er einige i at kunnskapsgrunnlaget i denne saka er godt, men vi meiner at kommunen og tiltakshavar ikkje tek inn over seg den eksisterande kunnskapen, og dermed heller ikkje framstiller konsekvensane på ein realistisk måte. Noko av dette kan skuldast den litt overflatiske undersøkinga og behandlinga av flaummarkskogen i rapporten med konsekvensutgreiing av golfbana (der det m.a. feilaktig blei hevda at lokaliteten mangla ståande daude tre, og raudlista artar blei gløymde ved vurdering av verdi og konsekvens). Då rapporten blei laga hadde resultata frå insektundersøkingane i Sløgrandane begynt å bli kjent, og rapporten nemner funnet av den kritisk truga arten *Ectoedemia atricollis*, men skriv elles berre at: «*Når det gjeld registreringane av artane inne i oreskogen, så viser desse også eit stort og interessant mangfold (K. Berggren, L.O. Hanssen pers. med.), utan at materialet er så godt undersøkt enno at ein kan seie særleg meir*». Tilgjengeleg kunnskap i dag tilseier klårt at flaummarkskogen i Sløgrandane har naturverdiar på nasjonalt nivå, sjølv om vi så langt berre har fått innsyn i delar av det artsmangfaldet som ligg i det enorme innsamla insektmaterialet frå området. Det er påvist 260 artar sommarfuglar i lokaliteten, fire av dei raudlista, og etter gjennomgang av ein firedel av fleire tusen parasittveps vart det i fjor funne fem nye artar for Noreg, i tillegg til fleire andregongsfunn og andre sjeldne artar. Etter at kommunen skrev si saksutgreiing, har det frå Universitetet i Oslo nyleg vorte lagt inn 624 funn i Artskart av veps som så langt berre er identifisert til familie, og 193 funn av andre typar insekt som er bestemte til art. 99 av desse gjeld artar som enno ikkje har vorte vurderte med tanke på raudlistestatus i Noreg (dette skuldast i dei fleste tilfelle at arten enno ikkje er dokumentert med reproduserande bestand i Noreg, slik som vil vere tilfelle ved funn av nye artar). Sløgrandane blir med andre ord meir og meir unik dess meir av det store materialet som blir gjennomgått. Etter vårt syn har konsekvensen av å gjøre området om til golfbane, med spreidde stripa av skog med grasplen mellom, ikkje blitt realistisk vurdert av kommunen eller tiltakshavaren.



§ 9, føre-var-prinsippet: Sjølv om vi meiner at kunnskapsgrunnlaget er godt nok til å slå fast at Slørandane er eit naturområde av stor nasjonal verdi, og at planane om golfbane vil øydelegge eller sterkt redusere desse verdiane, noterer vi oss at kommunen på si side meiner at «*dei avbøtande tiltaka i planen er tilstrekkeleg for å ivareta så mykje naturmangfald som mogleg i området*». Ettersom det er høgst uklårt kva som ligg i «så mykje naturmangfald som mogleg», betyr dette etter vårt syn at konsekvensane av tiltaket ikkje er godt nok utgreidd, og at kommunen burde legge betydeleg vekt på føre-var-prinsippet.

§ 10, økosystemtilnærming og samla belasting: Det sentrale i denne samanhengen er kva den planlagde golfbana vil bety for den samla belastinga på naturtypene som blir påverka. I dette tilfellet vil tiltaket gå ut over to naturbeitemarker av lokal verdi, og ein flaummarkskog av stor nasjonal verdi. Naturbeitemark er framleis ein relativt vanleg naturtype, med godt over 100 lokalitetar frå Lærdal registrerte i Naturbasen (inkludert data etter både DN-handbok 13 og NiN-systemet). Flaummarkskog er registrert i heile eller delar av 17 lokalitetar i Lærdal kommune. Dei fleste av desse lokalitetane består av små areal med flaummarkskog, og naturtypen utgjer i dag berre restar av det som fanst før elveforbygging, utretting og andre inngrep blei gjennomført i Lærdalselvi. Om ein berre ser på dei arealet som er dekte av flaummarkskog (og ikkje vatn, elveøyr, og anna), utgjer lokaliteten i Slørandane åleine meir enn ein tredel (37 %) av all registrert flaummarkskog i Lærdal kommune, og er truleg den einaste lokaliteten som er stor nok til å fylle potensialet denne naturtypen har når det gjeld mangfaldet av utformingar (kjeldesig, flaumkanalar, daude og gamle tre, vegetasjonstypar) og ikkje minst artar.

Når kommunen skriv at samla belasting i området sjølv sagt vil auke noko når vegetasjon blir rydda, men at det er «*fleire område med tilsvarende verdiar i nærområdet, slik som den større flaumskogen mellom Lærdalselvi og Saltkjelen bustadfelt, og langs Lærdalselvi rett nord for eksisterande masseuttak*», viser dette etter vårt syn at kommunen verken har tatt inn over seg naturverdien av Slørandane eller konsekvensane av å legge ei golfbane i området. Den eine av dei to lokalitetane kommunen viser til her, inneheld som tidlegare nemnt heller ikkje naturtypen flaummarkskog.

Vår vurdering av § 10 er at naturtypen flaummarkskog i Lærdal kommune allereie er sterkt pressa, og eksisterande lokalitetar utanom Slørandane så små og fragmenterte at det planlagde tiltaket vil bety eit vesentleg tap for økosystemet og naturtypen flaummarkskog. Flaummarkskogane sin funksjon som leveområde for eit stort tal artar vil ikkje lenger kunne oppretthaldast langs Lærdalselvi, eller i kommunen, dersom den viktigaste førekomensten blir øydelagd i så stor grad som planlagt.

§ 11, kostnadane ved miljøforringelse skal berast av tiltakshavar: I dette tilfellet er tiltaket av ein slik art at det ikkje vil vere mogleg å avgrense skaden så mykje at naturtypen sin funksjon, struktur og produktivitet kan bli ivaretaken. Ei golfbane i Slørandane kan etter vårt syn ikkje byggjast som planlagt utan at artsmangfald og økologiske prosessar blir sterkt reduserte eller går tapt, ikkje berre i Lærdal, men dels også nasjonalt (for artsmangfaldet sin del).

§ 12, Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar: Kommunen skriv at det er gjort grundige vurderingar for å ta vare på mest mogleg av naturmangfaldet i området, og at det i dialog med Statsforvaltaren er utvida kantvegetasjonsbelte og sett omsynssoner for å ivareta mest mogleg vegetasjon i området. Vi kjenner oss ikkje att i denne framstillinga, ettersom vi frå eit tidleg stadium i planprosessen har åtvara mot planane, og etter at dei begynte å konkretisere seg også varsle bruk av motsegn. Vi har vore tydelege på at stripene med skog som skal stå igjen, ikkje er tilstrekkelege til å ivareta flaummarkskogen sin funksjon og verdi.



Statsforvaltaren kan ikkje sjå at «tiltakshavar har strekt seg langt for å ta vare på mest mogleg av naturen i planområdet» når nær 70 % av flaummarkskogen går tapt. Sjølve problemet med planframleggget er at golfområdet er plassert i intakt og svært artsrik natur av nasjonal verdi. Ei 9-hols golfbane av høg standard tek for stor plass innanfor det avgrensa planområdet, og det er derfor ikkje praktisk mogleg gjennom avbøtande tiltak å ivareta flaummarkskogen, dei økologiske prosessane og artsmangfaldet som er knytt til området. Det er m.a. storleiken på flaummarkskogen, påverknaden frå to elveløp, dei mange flaumløpa og fuktilhøva som gjer flaummarkskogen i Slørandane så artsrik. Stripet med skog kan ikkje ivareta meir enn fragment av naturmangfaldet langs og mellom opparbeidde flater med grasplen. § 12 peiker på lokalisering som eit viktig verkemiddel for å unngå eller avgrense skade på naturmangfaldet, og etter vårt syn har Slørandane så store verdiar at dette ikkje er rett lokalisering av ein arealkrevjande fritidsaktivitet som golf.

Vurdering av samfunnsnytte og avveging av samfunnsnytte og naturverdiar

Kommunen har i saksutgreiinga, under vurderinga av Statsforvaltaren si fråsegn, komme inn på samfunnsnytten av golfbana. Her står det m.a. at: *"Utvikling av golfbane i området vil og ha viktige ringverknadar for heile nærmiljøet på Ljøsne, då golfklubben saman med næringsetableringar og grendalag også har planar om å etablere meir nærmiljøanlegg og aktivitetstilbod på det etablerte idrettsanlegget ved gamle Ljøsne skule. Golfbane i dette området vil og styrke etablerte næringar knytt til reiseliv, då spesielt kafe og overnattingstilbod. I gamle Ljøsne skule rett ved, er det under etablering kafetilbod og diverse, og golfklubben har samarbeidsplanar med desse om utvikling av området. Golfbane vil ha store ringverknadar for kommunen generelt, då bana vert planlagd som eit regionalt anlegg i fylket. Det er ikkje mange golfbaner i fylket, spesielt ikkje i gamle Sogn og Fjordane, og eit slikt anlegg vil trekke besökande og styrke ulike næringar i kommunen. Administrasjonen er samd i at området har store naturverdiar, men meiner at dei negative konsekvensane her kan aksepterast i høve dei positive konsekvensane for næring, buattraktivitet, nærmiljø og idrett (herunder folkehelse). Det vert og peika på dei andre overflaumingsareala/flaumskogane i området, som vert ivareteke. I ei samla vurdering av dei store samfunnsinteressene ei etablering av ei slik golfbane har for Lærdal kommune, og ringverknadane av denne, rår administrasjonen til at motsegnene frå Statsforvaltaren ikkje vert teke til følge, og at motsegnene vert sendt vidare til departementet til endeleg avgjerd".*

Statsforvaltaren er samd i at ei golfbane i kommunen, planlagt og utbygd som eit regionalt anlegg, vil kunne ha positive ringverknader for kommunen. Vi går ikkje inn på ei konkret vurdering av kor stor samfunnsnytten av ei golfbane på Slørandane vil kunne vere for kommunen. Vi vil likevel peike på at det her er snakk om etablering av eit idrettsanlegg for å legge til rette for ein fritidsaktivitet og for t.d. golfturneringar. Kor stor samfunnsnytten vil vere når det gjeld næring og økonomiske ringverknader er vanskeleg å seie noko eksakt om, men det er slik vi ser det ikkje grunnlag for å seie at etablering av golfbane på denne konkrete staden vil vere av vesentleg samfunnsverdi. I sjølve planframleggget, med planomtale og konsekvensutgreiing, er ikkje samfunnsnytten av golfbana i særleg grad vurdert eller skildra, og grunnlaget for å vurdere samfunnsnytten som del av oversendinga av saka til departementet er såleis noko tynt.

Statsforvaltaren kjem til at ivaretaking av dei nasjonalt viktige naturmangfaldverdiane som er knytte til den uvanleg artsrike flaummarkskogen på Slørandane, med stor nasjonal verdi, må gå føre etableringa av ei golfbane i dette området. Naturverdiane er godt dokumenterte i Statsforvaltaren si fråsegn av 21.06.2022.

Generelt vil vi peike på at Statsforvaltaren ser positive sider ved golfbaner og golfspel som avgjort kan ha positive verknader for folkehelsa. Problemets i denne saka er at golfbana er plassert i eit naturområde med nasjonalt viktige naturmangfaldverdiar, og at etableringa av bana vil føre til



irreversible inngrep som gjer at flaummarkskogen og dei nasjonale verdiane knytt til denne i det alt vesentlege vil gå tapt. Vi viser til vår fråsegn 21.06.2022 for nærmere grunngjeving av dette.

Alternativvurdering og overordna planlegging

Som del av arbeidet med reguleringsplanen er det gjennomført vurdering av fleire lokaliseringsalternativ for ny golfbane før det vart bestemt av kommunen at Slørandane vart det best eigna alternativet. Statsforvaltaren kjenner ikkje til detaljane i denne prosessen, og kva for alternativ som er vurderte, og har ikkje vore involvert i dette arbeidet.

Etablering av ny golfbane burde etter vårt syn heilt klart først vorte vurdert og avklart i det pågåande revisjonsarbeidet av arealdelen til kommuneplanen (som starta opp i 2018), før kommunen gjekk i gong med reguleringsplan for ny golfbane. I vår fråsegn 08.02.2021 i samband med oppstart av arbeidet med reguleringsplanen for Slørandane skreiv vi m.a: "*Vi har forståing for ynske om å legge til rette ny golfbane etter at leigeavtalet med grunneigaren, der golfbana har vore fram til no, ikkje vart fornnya. Vi ser det då som viktig at etableringa av ny golfbane skjer i eit område, og på ein måte, som ikkje kjem i konflikt med viktige statlege planomsyn. Vi meiner elles at etablering av ei ny golfbane bør vurderast og avklarast på eit meir overordna plannivå, gjennom revisjon av arealdelen til kommuneplanen, som kommunen no er i gang med. I samband med utarbeiding av kommuneplanar vil ofte utgreiing av alternativ vere ein sentral del av planarbeidet.*"

Ein viktig grunn til å avklare større tiltak og utbyggingar som ledd i kommuneplanarbeidet er m.a. at kommunen då kan vurdere ulike alternativ, konsekvensutgreie dei mest aktuelle alternativa og sikre brei medverknad gjennom kommuneplanprosessen. I ein slik prosess ville alternativet for ny golfbane på Slørandane tidleg vist seg å vere uaktuelt pga. dei nasjonalt viktige naturverdiane. Regulering til ny golfbane måtte då skje i eit anna område.

Statsforvaltaren si samla vurdering og tilråding

Saka vert sendt til departementet for endeleg avgjerd utan at det er gjennomført mekling pga. at det ikkje er råd å finne kompromissløysingar vi kan semjast om. Både kommunen og Statsforvaltaren er samde i at det er rett å gjere det på denne måten.

Statsforvaltaren avskjer ikkje motsegnene frå NVE. Kommunen har gjort vedtak om å ta motsegnene frå NVE til følgje. Det ligg såleis an til at desse motsegnene vert løyste. Vi vil presisere at Statsforvaltaren vil orientere departementet så snart det er vorte semje mellom NVE og kommunen, og når NVE har fråfalle motsegnene.

Vi er no inne i ei naturkrise der mangfaldet av naturtypar og artar vert redusert raskare enn nokon gong før. Årsaka til tilbakegangen er i stor grad menneskeskapte arealendringar, med nedbygging av natur som den aller største trusselen mot naturmangfaldet. For å bremse tapet av naturmangfald, og for å ivareta Noreg sine forpliktingar på dette området, må vi ta vare på svært artsrike naturområde av nasjonal verdi, slik som flaummarkskogen på Slørandane.

Vi tilrår at motsegnna frå Statsforvaltaren blir teken til følgje, og at den delen av reguleringsplanen som omfattar golfbana på Slørandane ikkje vert godkjent pga. direkte konflikt med nasjonalt viktige naturmangfaldverdiar.

Det må også leggjast vekt på at reguleringsplanen er i strid med arealdelen til kommuneplanen for Lærdal, og at kommunen no arbeider med revisjon av den overordna planen sin. Avklaring av areal for ny golfbane i kommunen, med alternativvurderingar og



Konsekvensutgreiing, bør skje som del av kommuneplanrevisjonen for å søkje å finne fram til eit golfområde som ikkje kjem i klar motstrid med nasjonale interesser.

Med helsing

Gunnar O. Hæreid
fungerande statsforvaltar

Nils Erling Yndesdal
kommunaldirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- | | |
|---|----------------|
| 1 | Saksdokumenter |
| 2 | Plan00001H |

Kopi til:

Lærdal kommune
Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE
Vestland fylkeskommune

Postboks 83	6886	LÆRDAL
Postboks 5091 Majorstua	0301	OSLO
Postboks 7900	5020	BERGEN